

# Signeringsinformasjon

Side 1/1



## Protokoll: Time kyrkjelege fellesråd onsdag 29. oktober 2025

Navn	Signert med	Tidspunkt
Lars Tore Helgeland	BankID OIDC High	2025-10-29 19:49:11
Iren Lassen	BankID OIDC High	2025-10-29 20:39:46



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

## Møteprotokoll

**Råd:** Time kyrkjelege fellestråd

**Dato og tid:** 29.10.2025, 14:00

**Stad:** Frøyland og Orstad kyrkje

**Saksmappe:** TKF2025-109

**Til stades:** Willy Finnbakk (leiar), Lars Tore Helgeland (Nestleiar), Jostein Aarbakke Tollaksen (sekretær), Iren Lassen (Medlem), Ivar Risa (Medlem), Jan Erik Brudeli (Medlem), Lars Sigurd Tjelle (Medlem), Sverre Risa (Medlem), Tordis Sandvik (Medlem), Siri Vik (Andre innkalte)

**Forfall:**

**Protokollfører:** Jostein Aarbakke Tollaksen

## Sakslista

### Faste Saker

028/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

### Møtesaker

029/25 Klage på pålegg om å fjerne buskar ved gravminne

030/25 Høyringsforslag til prostigrenser

031/25 Høyring - Forslag om supplerende bestemmelser i KAs vedtekter på digitaliseringsområdet

032/25 Høring - ny reglar for kyrkjeval

033/25 Nytt inngangsparti Brynekyrkja - estimat

### Orienteringssaker

00013 Forlenging av lån Carlseneigedommen med Time kommune 31.12.2027

00014 Carlseneigedommen - framtidsscenario 2

**Lars Tore Helgeland**  
Nestleiar

**Iren Lassen**  
Medlem

## 028/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	29.10.2025	028/25

### **Saksframlegg**

Godkjenning av innkalling og sakliste

### **Forslag til vedtak**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## 029/25 Klage på pålegg om å fjerne buskar ved gravminne

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	29.10.2025	029/25

### Saksframlegg

Gravplassforvaltinga har motteke klage på pålegg om å fjerna buskar ved gravminne, datert 15.10.25. Klagen skal handsamast av fellesrådet før den ev. sendast vidare til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark om ikkje klagar får medhald.

Forvaltningsloven § 33 (saksforberedelsen i klagesak)

*Om forberedelse m.m. av klagesaker gjelder [kapittel IV](#) og V tilsvarende, når ikke annet følger av reglene i denne paragraf.*

*Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog [§ 31](#).*

*Når noen reknes som motpart i saken skal underinstansen varsle vedkommende snarest mulig, jfr. likevel [§ 16](#) tredje ledd. Samtidig skal settes frist for å gi uttalelse. Varsles klagemotparten ved brev, skal kopi av klagen vedlegges med mindre parten etter [§ 19](#) kan nektes adgang til den.*

*Blir det ikke truffet avgjørelse som nevnt i annet ledd, skal sakens dokumenter sendes klageinstansen så snart saken er tilrettelagt. Dersom underinstansen gir til klageinstansen uttalelse som partene kan kreve å få se uten hinder av [§ 19](#), skal den sende kopi til partene med mindre Kongen er klageinstans.*

*Klageinstansen skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes. Den kan pålegge underinstansen å foreta nærmere undersøkelser m.m.*

I fylgje forskrift om vedtekter for gravplassane i Time § 8 punkt 4 skal alt utstyr på grava vera montert slik at det er minst 5 cm frå ytterkant av bed/ rammekant. Dektorgjenstandar og pynt må ikkje vera til hinder for den dagleg drifta på gravplassen.

Med bakgrunn i dette blei det den 30.09.25 sendt varsel til festar forfestenr. 01.00077 Carlsen om å fjerna buskane som er planta ved sida av gravminnet. Festar meiner dette er urimeleg då det var planta hekk rundt heile gravstaden fram til denne blei fiksa opp i vår. Sjå bilete i klagebrevet.

Hekken som var planta rundt gravstaden tidlegare var ikkje til særleg hinder for klypping då ein kunne klyppa i rette linjer rundt. Med buskane som nå er planta må ein klyppa rundt kvar busk, noko som er ganske utfordrande og tidkrevjande.

Ein konsekvens av å ev. gje klagar medhald i klagen er at eit unntak ved dette gravminnet kan dette føra til at andre og vil ha same unntaket og då kjem situasjonen for ut av kontroll.

### Forslag til vedtak

Festar får ikkje medhald i klagen. Klagen vert vidaresendt til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark som er klageinstans.

### Vedtak

Festar får ikkje medhald i klagen. Klagen vert vidaresendt til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark som er klageinstans.

## 030/25 Høyringsforslag til prostigrenser

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Jostein Aarbakke Tollaksen	29.10.2025	030/25

### Saksframlegg

I møte i Fellestrådet 17. september orienterte kyrkjeverja om høyringsforslag til nye prostigrensar - sak 011/25 Høyringsforslaget frå bispedømmerådet vart lagt fram. Samstundes presenterte kyrkjeverja eit alternativt forslag utarbeidd av kyrkjevegrjene på Jæren. Dette forslaget låg ved som del av sakspapira til gjennomsyn, og saka vart handsama som orienteringssak utan forslag til vedtak.

Fellestrådet gav tydeleg uttrykk for at det alternative forslaget frå Jæren var det mest aktuelle, og bad kyrkjevegrgen om å utarbeide eit høyringssvar i tråd med dette.

Vedlegg: Fullsterndig høyringssvar.

#### Forslag til høyringssvar kort oppsummert:

Vi tilrår ein struktur som samlar Stavanger-aksen, Sandnes-aksen og Jæren + Dalane langs funksjonelle regionar – med ei forsøksvis samanslåing av Stavanger, Sola og Gjesdal inn på Sandnes-linja, og Jæren + Dalane under ein prost – støtta av samleiing, tydelege årshjul, leiarteam og evaluerbare kvalitetskriterium.

### Forslag til vedtak

Time kyrkjelege fellestråd leverer høyringssvar slik det ligg ved, med utgangspunkt i forslaget frå kyrkjevegrgane på Jæren.

### Vedtak

Time kyrkjelege fellestråd leverer høyringssvar slik det ligg ved, med utgangspunkt i forslaget frå kyrkjevegrgane på Jæren.

## 031/25 Høyring - Forslag om supplerende bestemmelser i KAs vedtekter på digitaliseringsområdet

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Jostein Aarbakke Tollaksen	29.10.2025	031/25

### Saksframlegg

#### Innleiing:

Time kyrkjelege fellestråd viser til høyringsbrev frå KA datert 30. juni 2025 vedkomande forslag til supplerande føresegner i vedtektene knytt til digitaliseringsområdet.

#### Generelle kommentarar:

Fellestrådet er generelt positivt til at KA held fram med og vidareutviklar arbeidet med digitale fellestøysingar innan kyrkjebygg og gravplassforvaltning. Gode, nasjonale system bidreg til meir effektiv og profesjonell forvaltning, og vi ser verdien av at KA ivaretek fellestråda sine interesser på dette området.

#### Avgrensing mot Kyrkjerådet sitt digitaliseringsansvar:

Samtidig er det viktig at KAs rolle ikkje skaper overlapp eller uklareheit i høve til det ansvaret Kyrkjerådet har for nasjonale digitale løysingar i Den norske kyrkja. Ei tydeleg og avklara rollefordeling mellom KA, Kyrkjerådet og Kirkepartner er naudsynt for å sikre effektiv ressursbruk og unngå dobbeltarbeid.

#### Om foreslått medfinansieringsordning (§ 7 e):

Når det gjeld forslaget om å opne for medfinansiering frå fellestråda, meiner Time kyrkjelege fellestråd at dette er eit prinsipielt spørsmål som krev tydelegare økonomiske rammer før ei eventuell vedtektsendring vert vedteken.

Det går ikkje fram av høyringsnotatet kva økonomiske konsekvensar ei slik ordning kan få for det enkelte fellestråd. Vi meiner difor det er uheldig å innføre ei føresegn som opnar for økonomiske forpliktingar utan at nivå, prinsipp og omfang er nærare beskrive og forankra.

#### Oppsummering:

Time kyrkjelege fellestråd støttar at KA held fram arbeidet med digitale fellestøysingar og deltek i utviklinga av ein tydeleg samstyringsmodell. Samtidig må det sikrast:

- Klar rollefordeling mellom KA og Kyrkjerådet
- Føreseielege økonomiske rammer ved eventuell medfinansiering

Kyrkjeverja tilrår at det vert gitt tilslutning til punkt 1, med fellestøysingar på områda kyrkjebygg og gravplass, medan det under punkt 2 vert presisert at eventuell medfinansiering må vere frivillig og føreseieleg, og gjelde dei fellestråda som nyttar seg av løysinga.

Høyringsfrist: 1. november 2025

#### Forslag til vedtak

Time kyrkjelege fellestråd godkjenner forslaget til høyringssvar.

#### Vedtak

Time kyrkjelege fellestråd godkjenner forslaget til høyringssvar.

## 032/25 Høring - ny regler for kyrkjeval

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Jostein Aarbakke Tollaksen	29.10.2025	032/25

### Saksframlegg

Kirkerådet sender på høring forslag til nye kirkevalgregler. Den norske kirke er en demokratisk folkekirke. Alle medlemmer skal ha mulighet til å velge sine representanter til å styre kirken. Forslaget omfatter forenkling av kirkevalgreglene, med mål om å redusere ressursbruk og gjøre valget enklere. Det foreslås at kirkelig fellesråd får ansvar for stemming ved oppmøte. Høringen tar også opp temaer som digitalt valg, frister, nominasjon, informasjon om lister og kandidater og offentliggjøring av valgresultater. Forenkling av regelverket vil spare ressurser på alle nivåer i Den norske kirke, både økonomisk og i arbeidstid for ansatte og frivillige.

Høringen sendes til et utvalg av menighetsrådene og de kirkelige fellesrådene, men alle kan avgi høringssuttalelse. I tillegg sendes høringen til bispedømmerådene, de teologiske utdanningsinstitusjonene som har rett til å gi cand.theol.-utdanning, Norsk Kvinnelig Teologforening, arbeidstakerorganisasjonene, Den norske kirkes ungdomsutvalg, Den norske kirkes råd for personer med funksjonsnedsettelse, Hovedorganisasjonen KA, Bønnelista, Frimodig Kirke, Interesseforeningen for Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke.

### Sammendrag

Høringen inneholder forslag til nye kirkevalgregler og endringer i enkelte andre regelverk. Målet er å forenkle regelverket og gjøre kirkevalget mindre ressurskrevende. Høringsnotatet dekker flere aspekter, inkludert digitalt valg, stemming ved oppmøte, frister, kunngjøringer, valgorganer, nominasjon, listeforslag, supplerende nominasjon, informasjon om lister og kandidater, protokollering og offentliggjøring av valgresultater, manntall, beredskap, omvalg og klager, nytt valgoppgjør i perioden, suppleringsvalg, og valg i kategorialmenighetene.

Det foreslås at kirkelig fellesråd får ansvar for stemming ved oppmøte og at alle eventuelle papirstemmesedler bare telles opp lokalt. Fristen for å levere listeforslag flyttes fra 31. mars til 15. april. Reglene for stemmerett for valg av prest foreslås forenklet. Forenkling av regelverket vil spare ressurser på alle nivåer i Den norske kirke, både økonomisk og i arbeidstid for ansatte og frivillige. Forslag til regler er vedlagt.

I Time kyrkjelege fellesråd er det Time sokn som er plukket ut til å svare på høringen. Fellesrådet står fritt til å avgi uttalelse.

Etter innspill fra nettverk for fellesrådsledere og andre fellesråd i området er det utarbeidet svar på høringen om kirkevalg.

Forslag til høringssvar ligger vedlagt.

### Forslag til vedtak

Time kirkelige fellesråd avgir høringssvar i forbindelse med kirkevalget i tråd med forslaget som er framlagt i møtet.

### Møtebehandling

Den geistlege representanten i rådet hadde innsigelser mot uttalelsen på spørsmål 33 i høringen. "Har du/dere merknader til ordning for valg av prest og ansatt?" men fikk ikke gjennomslag for dette.

### Vedtak

Time kirkelige fellesråd avgir høringssvar i forbindelse med kirkevalget i tråd med forslaget som er framlagt i møtet.

## 033/25 Nytt inngangsparti Brynekyrkja - estimat

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Jostein Aarbakke Tollaksen	29.10.2025	033/25

### Saksframlegg

#### ARKITEKTURKONSEPT

##### Innleiing

I samband med byggeplanane for utbygging av Carlsentomta til nytt kyrkjekontor og barnehage vart det tenkt heilhetleg om utbygging for heile kyrkjetomta. Skisser for nytt inngangsparti med heis til underetasjen for å tilfredstille kravet til universell utforming kom på banen i denne sammenhengen. Sjølv om hovudprosjektet "står på vent" spelar fellersrådet no desse planane over til Bryne sokneråd for vidare handsaming.

##### Bakgrunn for saka.

Bryne kyrkje, som vart oppført som arbeidskyrkje i 1979, har ein hovudinngang med våpenhus frå parkeringsplassen i nord. Ved større arrangement og samlingar utanfor kyrkjerommet har ein erfart at vestibylen har vorte for liten. I dag vert kyrkja si underetasje brukt til samlingar, ungdomsarbeid og barnehage, men manglar heisforbindelse som gjer kyrkjeareala tilgjengelege for rørslehemma.

Time kyrkjelege fellesråd har teke initiativ til å få utarbeidd eit forprosjekt for eit tilbygg i éi etasje til dagens vestibyle, med kjøkken og dåpssakristi. Her skal det òg byggjast heis/løfterampe ved dagens trapperom til underetasjen, for å gjere opphaldsromma nede tilgjengelege.

Arkitekturkonseptet er enno ikkje byggemeldt, men forslaget er lagt fram for Stavanger bispedømmeråd, og saman med kyrkjebygg-rådgjevar arkitekt MNAL Martin Reichenbach er forslaget vurdert som godt utforma med respekt for dagens kyrkjebygg.

Målet med denne skildringa er å på eit tidleg tidspunkt kartleggje omfanget av arbeidet og få fram ein totalkostnad for eit tilbygg som vist på teikningane og i vedlagd orientering.

Eig grovt og førebels prisestimat frå Byggelaget ligg òg vedlagt.

Denne informasjonen vert no sendt over til Bryne sokneråd for vidare handsaming og uttale.

Kyrkjeverja ser det som svært viktig at det er Bryne sokn som "eig" dette prosjektet og at det er forankra og vert drive fram av soknerådet òg økonomisk.

Kyrkjeverja har ei aktiv rolle i samband med gjennomføring av prosjektet og formelle ting rundt søknadar mm.

##### Forslag til vedtak

Saka vert sendt over til Bryne sokneråd for vidare handsaming med dei opplysningane som ligg føre.

##### Vedtak

Saka vert sendt over til Bryne sokneråd for vidare handsaming med dei opplysningane som ligg føre.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	29.10.2025	00013

## 00013 Forlenging av lån Carlseneigedommen med Time kommune 31.12.2027

### Informasjon

#### Bakgrunn

I sak 064/19 vedtok Time kommunestyre at det skal ytast eit lån til Time kyrkjelege fellestråd på 6.900.000 til kjøp av gnr. 1/bnr.866, Carlsenhuset.

#### Beløp og sikkerhet.

Långivar stiller til disposisjon for Låntakar eit beløp pålydende NOK 6.900.000 - på dei vilkår som kjem fram i denne avtalen. Det skal etableras pant i eigedommen til fordel for långivar.

#### Løpetid og renter.

Lånet er avdragsfritt og forrentes med ei rente tilsvarande kommunen sine egne rentevilkår i kommunalbanken. Det er planar for kyrkjekontor og barnehage på tomta.

Saka vart handsama på nytt i kommunestyre 17.september 2025 i samband med at tidlegare låneavtale går ut 31.12.2025

#### KS - 061/25 Vedtak:

1. Time kommune forlenger lån på 6,9 millioner kroner gitt til Time kyrkjelege fellestråd.
2. Lånet skal forrentes etter samme vilkår som kommunen har i Kommunalbanken.
3. Lånet sikres med pant i eiendommen.
4. Lånet skal innfris innen 31.12.2027.

Dette til orientering.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	29.10.2025	00014

## 00014 Carlseneigedommen - framtidsscenario 2

### Informasjon

I TKF-møte 17. september - orineteringssak 009/18 blei ulike framtidsscenario for eigedommen diskutert.

#### Møte med Hotell Jæren Eiendom AS

2. Oktober hadde rådsleiar og kyrkjeverja møte med Helge Grøsfjell frå Jæren Hotell eiendom AS.

I møte blei det diskutert moglege modeller for samarbeid for utbygging på Carlsentomta.

Etter styremøte i Hotell Jæren Eiendom AS mandag 20 oktober gir Helge Grøsfjell denne tilbakemeldinga:

"Jeg har grønt lys fra styret til å utrede videre, under forutsetning av at vi får på plass en intensjonsavtale med dere før vi påtar oss utgifter".

I lys av dette ber kyrkjeverja om mandat til å utgreie alternativ med tanke på å komme fram til ein intensjonsavtale som kan leggas fram for rådet. Kyrkjeverja inngår på dette stadiet ikkje avtale som bind rådet eller dreg på seg kostnader.

#### Møte med styrar i barnhagen

Rådsleiar og kyrkjeverja har og hatt møte med styrar i barnehagen for å diskutere barnahageforliket og moglege konsekvensar, samt den generelle økonomiske stoda i rådet og i brneehagen.

Då barnehageforliket endå ikke er landa, og det har nyleg komme signalar om omkamp i stortinget for å få på plass eit betre forlik avventer me dette utspelet.

Styrar er informert om at det i verte fall kan gå mot avvikling, og at dette er beslutninger som bør følgje barnehageåret og opptak til dette. Dermed er 1. mars ein sentral dato når det gjeld nytt opptak.

### Oppsummert.

Det er fleire ting i spel på ein gong i denne saka, og dei heng saman om må avklarast i rett rekkefølge. Det forhondrar ikkje at me enno ei tid kan arbeide parallelt for å få naudsynte avklaringar.

Barnhagedrift heng i stor grad saman med resultatet av det pågåande barnhageforliket i stortinget, og med korleis barnhagen kjem ut økonomisk i forhold til drift i år, og kor mykje av sitt eige fond dei må nutta for å dekke opp meirforbruk. Slik det ser ut no styrer dei mot eit meirforbruk på 70`. Dei ha enno ca 240` ståande på fond. Dersom meirforbruket blir større og fondsreserver vert brukt opp allereie i år må ein styre mot avvikling for ikkje å røyne på fellesrådets økonomi som er anstrengt.

Eit byggeprosjet på Carlseneigedommen der Hotell Jæren Eiendom - byggjer, eig og driv eit prosjekt der kyrkja er langsiktige leigetakarar gjennom Time Kommune av kontorlokaler og fellesareal med hotellet som kan nyttast til ulike type samlingar er ein spennande tanke.

Det vil kunne gje kyrkja langsiktig romkapasitet på fleire plan utan at kyrkja tek den økonomiske risikoen og belastning på investering og drift. Samstundes betyr det at kyrkja gir frå seg råderett over tomta slik den ligg i dag.

Langsiktige avtaler er derfor sentralt her.

#### Konklusjon etter samtalen i møte:

Rådet ser det er grunnlag for å fortsette samtalan med Hotell Jæren Eiendom for å avklare muligheter og utfordringer i prosjektet.

Rådet er ikkje motvillig til å la Hotell Jæren Eiendom stå for eigarskap, bygging og drift under føresetnad av at fellerådet/soknet vert sikra gode og langsiktige avtaler og løysingar.

Kyrkjeverja tek kontakt med fagfolk på avtalerett for å karlegge kompleksiteten i prosjektet.

# Protokoll: Time kyrkjelege fellesråd onsdag 29. oktober 2025

Navn

Iren Lassen

Dato

2025-10-29

Navn

Lars Tore Helgeland

Dato

2025-10-29

Identifikasjon

 Iren Lassen

Identifikasjon

 Lars Tore Helgeland



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))